Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Austrheim

Emne: Juletre og julehalm | Bygdelag: Austrheim

Oppskr. av: Lars Anton Solheim | Gard: Synnevåg

(adresse): Synnevåg | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Juletre og julehalm

Juletreet er no ålment i bygda. I mest alle heimar har ein juletre og i alle heimar der det er born. Det første juletreet kom til bygda for om lag seksti år sidan. Det var i ei "ungdomsforening" på bedehuset det fyrst vart teke i bruk, sidan kom det inn i skulane, og etter kvart i heimane.
På desse stadene ute ved havet der det er skoglaust laut ein kjøpa juletrea frå byen. og fekk ein ikkje juletre så tok ein gjerne ein stamn og sette eine greiner på. Det hende seg også at ein tok ein stamn eller eit anna tre og hadde pynten på. Pynt på vegger eller over døra er ikkje endt her.
Nokon serskildt storleik på trea var der ikkje. Det retta seg etter storleiken på stovene.

4060

2

I førstninga vart treet pynta mest med lys, men etter kvart kom korger, lekkjer, kuler, glitter og til slutt også små norske flagg. Det var helst borna som pynta treet.

I dei store gamle stovene stod juletreet fritt på golvet, no når roma er mindre, og det er meir husbunad, vert det sett på eit lite bord, ein krakk, skåp eller liknande.

Lysa vert tende julaftan og nyårs aftan.

Når lysa er tende går alle i huset kring juletreet og syng julesalmar og julesongar.

Nokon viss dag til å taka juletreet ut att har ein ikkje. Er det varmt i rommet vil nålene tett falla av, men over nyåret står det alltid.

Borna er det som pyntar treet og dei tek av det, og gøymer pynten til neste år.

Det treet som vert bruka til juletre er helst gran, men furu vart også bruka. Om julekvelden hengde ein julenekel opp i tuntreet utanfor husa, og var der ikkje tre, vart det sett på ein staur. Om julehalmen er ingen som kan fortelja noko anna enn det vart bare halm på golvet, og at heile huslyden sov der om natta.

4060
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING